

Kommunekontaktar skoleskyss



Ikkje offentleg:jf. offl. § 13, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 1 om personlege forhold



Saksbehandlar: Beatriz Friscione/ Marthe Pedersen

Vår ref.: 2022/57844-25

Dykkar ref.:

Bergen, 23.08.2022

Vedrørende skoleruter skoleåret 2023/24

Størst mogleg samordning av skolerutene i fylket er eit viktig grep for å sikre ein effektiv og best mogleg skoleskyss for alle skolane i fylket. Manglande samordning av skoleruter medfører både meirkostnadar og logistikkmessige utfordringar for skoleskyssen.

Med utgangspunkt i dette ønskjer vi å kome med nokre tilrådingar vi vonar kommunane vil ta med seg i arbeidet med skolerute for skoleåret 2023-24. Basert på innspel frå tidlegare kommunekontaktsamling legg vi skoleruta for Bergen kommune til grunn for våre tilrådingar. Opplæringsavdelinga i Vestland nyttar også Bergen kommune si skolerute som rettleiande for dei vidaregåande skolane.

<https://www.bergen.kommune.no/omkommunen/avdelinger/etat-for-skole/ferie-og-fridager>

Kommunane bør ha same start- og sluttdato for skoleåret 2023-24 (frå torsdag 17.aug august til fredag 21.juni)

1. Kommunane bør leggje haust- og vinterferie til same veker
 - Haustferie: veke 41, 09-13.oktober.
 - Vinterferie: veke 9, 26.februar-01.mars¹
2. Kommunane bør ha same dato for første og siste skoledag ifm juleferie
 - Siste skoledag: torsdag 21. desember
 - Første skoledag: onsdag 3. januar

Vidare er det ønskeleg med mest mogleg lokal samordning når det gjeld planleggingsdagar, både internt i kommunen og mellom nabokommunar.

¹ Veke 8, 19-25. februar, for dei kommunene som har tradisjon for det



I tilfelle der det er utfordrande å ta omsyn til våre tilrådingar, ønskjer vi at kommunen opprettar dialog med Skyss før skoleruta blir ferdigstilt, slik at vi i fellesskap kan sjå på moglege løysingar for skoleskyssen. Det vil i denne samanhengen vere ein fordel med lokal samordning mellom nabokommunar/regionane.

Føremålet med større samordning av skoleruter er å gi skolane i fylket eit best mogleg skoleskysstilbod og vi ønskjer eit godt samarbeid kring dette. Vi vil starte dette arbeidet tidlegare for kommande skoleår med ønskje om å oppnå betre samordning på tvers av kommunar.

Dersom det er spørsmål eller innspel må de gjerne ta kontakt med oss på skoleskyss@skyss.no eller telefon 55 55 90 70, tasteval 2.

Med vennleg helsing,

Målfrid Vik Sønstabø
direktør

Marthe Pedersen
faggruppeleiar skoleskyss

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift